

NILSEN ROY ARNE
Krohnegården 172
5146 FYLLINGSDALEN

Dato	16.02.2022
Vår referanse	2022/13195-2
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Kari Elster Moen
E-post	Kari.Elster.Moen@vlfk.no
Telefon	95288829

Nabovarsel - gnr 169 bnr 144 - Mulevegen 113 - Fedje kommune

Vestland fylkeskommune, avdeling for infrastruktur og veg viser, til nabovarsel sendt oss 03.02.2022.

Nabovarselet gjeld oppføring av naust på gnr. 169 bnr. 144 ved fylkesveg 5510 Mulevegen på Fedje.

Vestland fylkeskommune svarer på nabovarselet som forvaltar og eigar av fylkesvegen.

Dersom naustet kjem nærmare fylkesvegen enn 15 meter, må det søkast om dispensasjon frå byggegrense langs veg. Avstanden skal målast frå midten av vegbana til nærmaste bygningsdel på naust eller anna byggverk nær naustet, som mur, tilkomstveg mv. Det er Fedje kommune som skal behandle ein slik søknad fordi byggegrensa er sett i føresegn 1.3 i kommuneplanen for Fedje. Vestland fylkeskommune skal ha slik søknad til uttale fordi vi er direkte berørt, jf. plan- og bygningslova § 19-1.

Det må og avklarast korleis tilkomsten og parkering til naustet skal vere . I kommuneplanen sine føresegner står følgjande: «Plass til parkering skal vurderast ved alle søknader om byggjeløyve. Naust som vert bygd attmed fylkesveg, skal ha parkeringsplass.»

Neste steg i søknadsprosessen er å ta kontakt med Fedje kommune for å søke byggeløyve. Fylkeskommunen skal få tilsendt saka til uttale frå dei. I søknaden må det framgå nødvendige opplysningar for å kunne vurdere søknaden når det gjeld avkøyrsløse, parkering, tilkomst og byggegrense langs veg.

Med helsing

Hege Løtveit
leiar
INV - Forvaltning Bergensområdet

Kari Elster Moen
senioringeniør
INV - Forvaltning Bergensområdet

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Kopi til:

Fedje kommune

Stormarkvegen 49